

Kartverket
Postboks 600 Sentrum
3507 HØNEFOSS

Dykkar ref.
namnesak 2024/49

Vår ref.
24/303-3/KES

Dato
20.06.2024

Hareid kommune – tre primærnamnsaker – tilråding

Me syner til eit namnesaksbrev som Kartverket skreiv til Hareid kommune 12. februar i år og til eit svarbrev som kommunen skreiv til Språkrådet 29. april.

Saka gjeld desse namna:

- Namnet på gnr. 66 og namnet på bruk 1 på denne garden – aktuelle SSR-registrerte former: *Engeskaret / Engjaskaret*
- Namn på ei vik på gnr. 66 – SSR-registrert form: *Engeskarvika* (Oppførd kjelde: Sjøkart 30)
- Namn på ein tunell på ein kommunal veg til gnr. 66 – SSR-registrert form: *Engeskartunnelen*
- Namn på ein kommunal veg på gnr. 66 – SSR-registrert form: *Engeskardet* (teken i bruk i 2018 og SSR-registrert 2. januar i 2019)
- Namn på ei elv på gnr. 45, Gjerdet, – *Gjerdselva* er SSR-registrert som føreslegen form.
- Namn på eit nes (/ ein berghammar) vest for Buhammaren – SSR-registrert form frå før: *Litle Buhammaren* – No er *Lisjebuhammaren* registrert som ei føreslegen form.

I den gjennomførde høyringa kom det inn to høyringssvar. (Jf. med det som står om dette i oversendingsbrevet frå kommunen). I eit brev frå Engeskaret Hytteforening står det: «Årsmøtet i Engeskaret Hytteforening vedtok enstemmig følgende navn for Engeskaret: Engeskaret.» På eit møte som namnenemnda i kommunen hadde 26. februar i år, vart det vedteke ei fråsegn med denne ordlyden: «Namnenemnda går inn for namnet Engeskaret, Gjerdselva og Lisje Buhammaren, da desse er i tråd med lokal uttale. Engeskaret utan d er namnet ein finn i bygdebøkene.» (Sjå dei to dokumenta med namna «Hareid kommune – tre primærnamnsaker – høyringssvar om gardsnamnet» og «Hareid kommune [...] – høyringsfråsegn frå namnenemnda i kommunen».)

Namnet på gnr. 66

Dei aktuelle skrivemåtealternativa som er førde opp i SSR, er *Engeskaret* og *Engjaskaret*. I den regionen som omfattar Sunnmøre og i Nordfjord er skrivemåten *Engja-* vedteken i éi primærnamnsak. Det gjeld eit vedtak som vart gjort 17. april 1997 om at namnet på gnr. 63 i Volda kommune skal skrivast *Engjaberget* i offentleg samanheng. På side 74 i band 13 i bokverket *Norske Gaardnavne* (NG) er dette namnet registrert med uttalen «ængjabæ´rje». I NG er «ængja-» òg registrert som munnleg form av førelekken i det gardsnamnet i Hareid kommune som det er tale om i denne saka. (Sjå NG XIII: 59.) Men her ser det ut til å vera nytta ein annan uttale i dag. På nettsida Fylkesatlas er namnet registrert med uttalen «engjeska:r´e» og to avleidd namn er førde opp med uttaleformene «engjeska:rkleiv´a» og «engjeska:rvi:k´ja». (Uttaleopplysningane skal vera registrerte i samband med eit innsamlingsarbeid som vart gjort på 1980-talet.) (Det nemnde gardsnamnet i Volda er ikkje komme med i det namnetilfanget som er lagt ut på nettsida Fylkesatlas.)

Skrivemåten *Enge-* er vedteken i fem primærnamnsaker i regionen. Det dreier seg om fem gardsnamnsaker der skrivemåten *Engeset* er fastsett som offisiell form. Alle dei aktuelle gardsnamna er uttala anten med *je* i andrestavinga eller utan bindevokal. (Jf. med side 73 i NG XII og med sidene 88, 122, 131 og 194 i NG XIII.) På Sunnmøre er skrivemåten *Enge-* vedteken konsekvent der det har vore tale om ein rimeleg sterk tradisjon for å la namnelekken bli skriven slik og der namnelekken ikkje er uttala med *ja*-fuge i dag. Vedtaka er gjorde med tilvising til skriftradisjonen og til dette at dei aktuelle opphavsformene hadde tostava form. (I NG står det at førelekken opphavleg må ha hatt anten eintalsforma *Engjar-* eller fleirtalsforma *Engja-*. Sjå NG XIII: 69.) Førelekken i det namnet me har føre oss her, er skriven *Enge-* i alle dei dokumenta som det er synt til i NG. (Sidan desse dokumenta er frå åra 1603, 1606, 1617, 1666 og 1723, ville det på grunn av dei skriftmålsnormene som rådde i heile den dansk-norske perioden, ikkje vore naturleg å la namnet her bli skrive med *ja* i mellomlekken.) Både i matrikelutkastet frå 1950 og i den gjeldande matrikkelen er namnet skrive *Engeskaret*. Det er vidare verdt å merkja seg at *Engeskar-* er nytta som offisiell skrivemåte i eit avleidd namn på ei vik, i eit avleidd vegnamn og i namnet på ein tunell i området.

I dei to innkomne høyringssvara blir det gått inn for at gards- og bruksnamnet blir skrive *Engeskaret*. (Sjå det som står om dette ovom her.) (Skrivemåten *Engeskaret* er elles støtta av ti personar som har kommentert saka på ei kommunal Facebook-side. Sjå dokumentet med namnet «Hareid kommune – tre primærnamnsaker – merknader til gardsnamnet på ei Facebook-side».)

I tredje avsnittet i § 1 i stadnamnforskrifta står det:

I saker der ein etter stadnamnlova § 4 andre ledd vurderer å velje ein skrivemåte som har vore lenge i bruk, skal det takast med i vurderinga

- a. om skrivemåten kan medverke til at meningsinnhaldet i namnet ikkje kjem tydeleg fram
- b. om skrivemåten kan endre den nedervde lokale uttalen av namnet
- c. kor lang og dominerande tradisjon skrivemåten har på namneobjektet
- d. kor stor semje det er om skrivemåten lokalt
- e. om skrivemåten har tradisjon i det språket som namnesaka gjeld.

Om skrivemåten *Enge-* kan det seiast at han harmonerer godt med dette at namnelekken har utgangspunkt i hokjønnsordet *eng* og at han har ein rimeleg «lang og dominerande

tradisjon». (Jf. med punkta a og c.) Me må understreka at me ikkje finn grunnlag for å tilrå skrivemåten *Engje-*. Det er ikkje tidlegare gjort vedtak i noka namnesak på Sunnmøre om at denne skrivemåten skal nyttast i offentleg samanheng, og det finst ingen tradisjon for å la førelekken i det aktuelle gardsnamnet bli skriven *Engje-*. Det er elles slik at alle som har uttala seg i gardsnamnsaka, er samde om at namnet bør skrivast *Engeskaret*. (Jamfør her med punkt d i avsnittet framom.)

Me finn det samla sett mest tilrådeleg at skrivemåten **Engeskaret** blir vedteken som offisiell gards- og bruksnamnform. I tråd med dette bør òg det nemnde vegnamnet på staden skrivast **Engeskaret**. (Skrivemåten *skar* (utan *d*) blir no vanlegvis tilrådd og vedteken i alle aktuelle saker som gjeld namn i område der talemålet ikkje har *tjukk l* av opphavleg *rð*.)

Vidare tilrår me at det tunellnamnet det er tale om i denne saka, framleis blir skriva med førelekken **Engeskar-**. Det er mest tilrådeleg at etterlekken blir skriva **-tunellen**. Det er rettskrivingsforma *tunell* som ligg nærast den forma appellativet har i talemålet på Vestlandet. (Det kan nemnast her at fylkeskommunen i Vestland i februar 2023 gjorde eit prinsippvedtak om bruk av skrivemåten *tunell*.)

Me tilrår elles at skrivemåten **Engeskarvika** blir fastsett som offisiell form.

Elvenamnet på garden Gjerdet

Skrivemåten *Gjerdselva* er støtta av namnenemnda i kommunen. *Gjerde(t)* er nytta som gardsnamnform fleire stader på Sunnmøre, og det er vanleg at namn som er avleidde av namn med denne forma, har førelekken *Gjerds-*. (Jamfør til dømes med stadnamna *Gjerdsbrauta* og *Gjerdsnakken* som begge er avleidde av gardsnamnet *Gjerde* i Ørskog i Ålesund kommune.) (Me syner her til punkt 6 i *Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn*. Der står det blant anna: «Ein bør nytte den samansetjingsmåten som samsvarar med dialektuttalen.») Elvenamnet i Hareid kommune bør skrivast **Gjerdselva** i offentleg samanheng.

Lisje- eller *Litle(-)Buhammaren* (som namn på eit nes)

Skrivemåten *Lisje* er støtta av namnenemnda i kommunen. *Lisje* er ei regional samleform som er nytta i ein god del vedtekte stadnamnformer på Sunnmøre. (Jf. med det som står om bruk av regionale samleformer i første avsnittet i § 3 stadnamnforskrifta). Så seint som i oktober i fjor vart det vedteke at eit namn som gjeld ein fjelltopp på grensa mellom kommunane Hareid og Ulstein skal skrivast *Lisjebroren*.

Det aktuelle nesnamnet i Hareid bør skrivast **Lisje-Buhammaren**. (Det næraste alternativet vil vera å fastsetja **Lisjebuhammaren** som offisiell skrivemåte. Me tilrår prinsipalt skrivemåten med bindestrek fordi det er denne som gjer det mest tydeleg at namnet har utgangspunkt i namneforma *Buhammaren*, som då er knytt til eit større nes like austom det neset det er tale om i denne saka.) På nettsida Fylkesatlas er namnet *Lisje-Buhammaren* registrert med ei uttaleform som har berre eitt hovudtrykk. Namnet bør difor ikkje skrivast med mellomrom. (Jamfør med punkt 6 i dei utfyllande reglane.)

Med helsing frå

